

Føringar frå vedtekne regionale planar

Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017

Havbruks- og fiskerinæringa er særst viktige for Hordaland. Med ei sterk forskingsklynge på området og hovudkontora til fleire store selskap i sektoren ligg i fylket, peiker planen på at næringa er viktig for sysselsettinga i distrikta. For Hordaland fylkeskommune er det heilt avgjerande å vere med på å leggje gode rammevilkår for ei næring med stort potensiale for vekst og utvikling. Dei tre hovudstrategiane i næringsplanen er; Meir entreprenørskap og innovasjon, fleire med meir relevant kompetanse og ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale senter.

Regional Transportplan (RTP) Hordaland 2013-2024

Planen framhevar anlegga i Austevoll kommune: «Storebø, Austevoll Fiskerihamn (inkl. Salthella og Rabben) og Torangsvåg. Liggehamn for store havgåande fiskefartøy. I samband med Austevoll Fiskerihamn bør det vurderast om det er grunnlag for å forlenge overordna vegnett fram dit.»

Eit av delmåla er etablering av ny nasjonal fiskerihamn i Austevoll. Og vidare at fylkeskommunen gjennom NTP prosessen skal arbeida aktivt for å få gjennomført planane om ny fiskerihamn i Austevoll.

Fylkeskommunen skal saman med kommunen og fiskerinæringa starte arbeidet med lokalisering av ny moderne fiskerihamn på Bømlo.

I **Handlingsprogram 2013–2017, Vedlegg til Regional transportplan Hordaland 2013–2024** nemnast oppstart av arbeidet med etablering av ny fiskerihamn på Bømlo S.

Fylkesdelplan for fiskerihamner i Hordaland er utarbeida for perioden 1997 – 2000. Planen er ikkje lengre i bruk som avgjerdsstøtte.

Nasjonal transportplan (NTP) 2014-2023

I dette dokumentet er fiskerihamn på Salthella som einaste anlegg i Hordaland markert i kartet «Kystverket - Fiskerihavner 2014 – 2023» som igangsatt fiskerihamntiltak.